



Bestillingstransport Ørsta

Gyldig frå 1. april 2024

Oppdatert 19.03.2024

Om bestillingstransport

Bestillingstransport er eit rutetilbod som berre køyrer når nokon har bestilt. Transporten går ofte med minibuss eller drosje. Tilbodet blir normalt ikkje køyrt på offentlege fridagar/heilag dagar og ikkje i perioden 23.12 til og med 01.01.

Bestilling

- Bestill på nett når som helst før bestillingsfristen for aktuell tur på frammr.no/Bestillingstransport.
- Bestill på telefon 71 28 01 00 til FRAM Kundesenter på kvardagar frå kl. 08.00 til 15.30. Telefonbestilling via FRAM Kundesenter må gjerast seinast 15.30 sjølv om bestillingsfristen eigentleg er seinare.
- Når du bestiller på telefon, må du ringe minimum 10 minutt før bestillingsfristen slik at personen på kundesenteret rekk å legge inn bestillinga i systemet før tidsfristen går ut. Systemet tillét ikkje at det blir lagt inn bestillingar etter fristen som er sett.
- Bestillingsfrist for kvar rute er angitt i oversikta i dette dokumentet.

Pris

Vaksen: kr 50,00.

Honnør og barn 6-17 år (fram til dagen dei fyller 18 år): kr 25,00.

Barn under 6 år reiser gratis i følge med vaksne.

Det er ikkje studentrabatt på bestillingstransport.

Du betalar til sjåføren med kort eller kontantar. Periodebillettar gjeld ikkje.

Viss du treng hjelp

På frammr.no/Bestillingstransport finn du meir informasjon. Der finn du og ein vegleiar for korleis du bestiller på nett.

FRAM Kundesenter kan hjelpe deg i opningstida, som er kvardagar 08.00-16.00.

Telefon 71 28 01 00.

Slik fungerer transporten

- Du må bestille på førehand. Turen kører berre når nokon har bestilt.
- Transporten stoppar berre der reisande skal hentast eller sleppast av. Køyretida kan difor variere.
- Bestillingar blir samordna, slik at turen kan gå innom fleire hente- eller leveringspunkt på vegen.
- Bestillingstransporten dekker eit definert område og du må bli henta og levert innanfor det definerte området.
- Du må vere klar 5 minutt før avtalt hentetidspunkt.

Tilbodet i Ørsta

Ørsta til Ørsta/Volda lufthavn Hovden

Henting på heimeadresse i definert område med transport til Hovden.

| Dag | Ankomst før | Bestillingsfrist | Korrespondanse |
|---------------|-------------|------------------|-------------------------------|
| Måndag-fredag | 19.55 | 16.00 same dag | Fly til Oslo 20.35 (WF176) |
| Laurdag | 05.20 | 19.00 dagen før | Fly til Sogndal 06.00 (WF150) |
| Laurdag | 09.40 | 19.00 dagen før | Fly til Oslo 10.20 (WF151) |
| Laurdag | 11.45 | 19.00 dagen før | Fly til Bergen 12.25 (WF163) |
| Laurdag | 14.20 | 19.00 dagen før | Fly til Oslo 15.00 (WF170) |
| Søndag | 09.40 | 19.00 dagen før | Fly til Oslo 10.20 (WF151) |
| Søndag | 11.45 | 19.00 dagen før | Fly til Bergen 12.25 (WF163) |
| Søndag | 12.50 | 19.00 dagen før | Fly til Oslo 13.30 (WF168) |
| Søndag | 14.20 | 19.00 dagen før | Fly til Oslo 15.00 (WF170) |
| Søndag | 16.05 | 19.00 dagen før | Fly til Oslo 16.45 (WF172) |
| Søndag | 17.35 | 16.00 same dag | Fly til Sogndal 18.15 (WF158) |
| Søndag | 19.55 | 16.00 same dag | Fly til Oslo 21.35 (WF178) |

- Ved transport *til* Hovden skal transporten skal være på flyplassen på det tidspunktet som står under «Ankomst før».
- Hente- og leveringstidspunkt er avhengig av køyreavstand og kor mange som skal vere med.

Flyplasstransporten er også tilgjengeleg rundt jul og påske, men merk at avgangstidene då kan avvike frå det som er beskrive i brosjyra. Bestillingssida vil vise moglege reisetider.

Ørsta/Volda lufthamn Hovden til Ørsta

Transport frå Hovden til heimeadresser i definert område.


| Dag | Avreise etter | Bestillingsfrist | Korrespondanse |
|---------------|---------------|------------------|-------------------------------|
| Måndag-fredag | 20.15 | 16.00 same dag | Fly frå Oslo 20.15 (WF175) |
| Måndag-fredag | 21.55 | 16.00 same dag | Fly frå Sogndal 21.55 (WF159) |
| Måndag-fredag | 23.25 | 16.00 same dag | Fly frå Oslo 23.25 (WF179) |
| Laurdag | 10.05 | 19.00 dagen før | Fly frå Sogndal 10.05 (WF151) |
| Laurdag | 14.40 | 19.00 dagen før | Fly frå Bergen 14.40 (WF170) |
| Laurdag | 17.55 | 16.00 same dag | Fly frå Oslo 17.55 (WF158) |
| Søndag | 12.05 | 19.00 dagen før | Fly frå Oslo 12.05 (WF163) |
| Søndag | 13.10 | 19.00 dagen før | Fly frå Oslo 13.10 (WF167) |
| Søndag | 14.40 | 19.00 dagen før | Fly frå Bergen 14.40 (WF170) |
| Søndag | 16.25 | 16.00 same dag | Fly frå Oslo 16.25 (WF171) |
| Søndag | 17.55 | 16.00 same dag | Fly frå Oslo 17.55 (WF158) |
| Søndag | 20.15 | 16.00 same dag | Fly frå Oslo 20.15 (WF175) |
| Søndag | 21.55 | 16.00 same dag | Fly frå Sogndal 21.55 (WF159) |
| Søndag | 23.25 | 16.00 same dag | Fly frå Oslo 23.25 (WF179) |

- Ved transport *frå* Hovden går transporten når passasjerane har fått henta eventuell bagasje og kome ut. Venter viss flyet er forseinka.
- Hente- og leveringstidspunkt er avhengig av køyreavstand og kor mange som skal vere med.

Flyplasstransporten er også tilgjengeleg rundt jul og påske, men merk at avgangstidene då kan avvike frå det som er beskrive i brosjyra. Bestillingssida vil vise moglege reisetider.

Køyreområde

Bestillingstransporten er tilgjengelig for deg som skal *til Hovden* frå ei adresse i det området som er vist i kartet, eller *frå Hovden* til ei adresse i dette området.



370T Ørsta-Åmdal-Sæbø

Transport frå Ørsta rutebilstasjon til Sæbø ferjekai.

Denne transporten går som ei bussrute, det vil seie at du går på og av på busshaldeplassane undervegs. Ved behov kan drosjesjåføren hente og levere på heimeadresse.

Måndag – fredag

| | | |
|-----------------------------|--------------|--------------|
| Frå Ørsta | 17.45 | 20.15 |
| Til Sæbø | 18.25 | 20.55 |
| <i>Ferjeavgang frå Sæbø</i> | <i>18.30</i> | <i>21.00</i> |

Laurdag

| | |
|-----------------------------|--------------|
| Frå Ørsta | 15.45 |
| Til Sæbø | 16.25 |
| <i>Ferjeavgang frå Sæbø</i> | <i>16.30</i> |

Bestillingsfrist avgangar måndag-fredag: seinast kl. 15.45 same dag.

Bestillingsfrist avgang laurdag: 13.45 same dag.

Merk! Eigne fristar ved telefonbestilling. Sjå side 1 i brosjyra.



370T Sæbø-Åmdal-Ørsta

Transport frå Sæbø ferjekai til Ørsta sentrum.

Denne transporten går som ei bussrute, det vil seie at du går på og av på busshaldeplassane undervegs. Ved behov kan drosjesjåføren hente og levere på heimeadresse.

Laurdag og søndag

| | |
|------------------------------|-------|
| <i>Ferjeankomst til Sæbø</i> | 11.00 |
| Frå Sæbø | 11.15 |
| Til Ørsta | 11.55 |

Bestillingsfrist avgang laurdag: 09.15 same dag.

Merk! Eigne fristar ved telefonbestilling. Sjå side 1 i brosjyra.

